

**Arkiv:**  
**JournalpostID:** 19/51  
**Saksbehandlar:** Tove Mette  
Fyllingen  
**Dato:** 15.04.2019

## Saksframlegg

Saknr.	Utvalg	Møtedato
003/19	Valstyret Alver	09.05.2019

### **Kommunestyre- og fylkestingsvalet 2019 - manntal**

#### **Programansvarleg sitt framlegg til vedtak:**

Manntalet vert lagt ut til offentleg ettersyn i rådhuset i Meland, biblioteket Rossland og Frekhaug, rådhuset Manger, biblioteket Manger, biblioteket Knarvik, Kiwi Lindås, Rema 1000 Ostereidet og rådhuset Knarvik, så snart som mogeleg etter 30.juni, og fram tom valdagen.

Kunngjering om tid og stad for utlegging av manntala vert i avisa Nordhordland, fulldistribusjonen 19. juni og 28.august og på heimesida til Alver kommune.

#### **Saksutgreiing:**

Saka skal til avgjerd i valstyret

#### **Bakgrunn for saka:**

For å kunne røysta ved kommunestyre- og fylkestingsvalet må veljaren vera registrert i manntalet i ein kommune. Valstyret er ansvarleg for at det vert ført manntal over alle personar med røysterett i kommunen.

Veljaren er manntalsført i den kommune ho/han var folkeregisterført som busett 30.juni i valåret.

Folkeregisteret er grunnlaget for manntalet.

Valstyret skal leggje manntalet til offentleg ettersyn så snart det let seg gjera. Manntalet skal liggja ute til og med valdagen.

Det er ikkje lov å publisere utleggingsmanntalet elektronisk.

Valstyret kunngjer tid og stad for utlegginga med opplysningar om korleis ein kan krevja feil retta.

#### **Valstyret Alver 09.05.2019:**

#### **Behandling:**

Programansvarlegg sitt framlegg med fylgjande endring:

Kunngjering av tid og stad for utlegging av manntala vert i begge lokalavisane og på heimesida til Alver, Lindås, Meland, og Radøy kommunar.

Framlegget med endring vart samrøystes vedteke.

**VA- 003/19 Vedtak:**

Manntalet vert lagt ut til offentleg ettersyn i rådhuset i Meland, biblioteket Rossland og Frekhaug, rådhuset Manger, biblioteket Manger, biblioteket Knarvik, Kiwi Lindås, Rema 1000 Ostereidet og rådhuset Knarvik, så snart som mogeleg etter 30.juni, og fram tom valdagen.

Kunngjering av tid og stad for utlegging av manntala vert i begge lokalavisane og på heimesida til Alver, Lindås, Meland, og Radøy kommunar.